


VIEBØEN BARNEHAGE SA SINE VEDTEKTER

Sist endra Årsmøte 19.03.2026

Underlagt lov av 17.juni 2005, nr 64 Lov om barnehagar



VEDTEKTER FOR SAMVIRKEFØRETAKET

VIEBØEN BARNEHAGE SA

Org.nr. 9878.32169

Vedteke på styremøte 11. januar 2005.

Sist endra Årsmøtet 19.03.2026

§ 1. Barnehagen er eigd og driven av

Samvirkeføretaket Viebøen barnehage SA, Føretaket har forretningsadresse Gardstølsvegen 29, 6812 FØRDE

§ 2. FORMÅL

Samvirkeføretaket sitt føremål er å eige og drive barnehage til det beste for medlemmane og deira barn i Sunnfjord kommune. Føretaket skal fremje medlemmane sine økonomiske interesse som kjøpar av barnehagetenester frå føretaket. Formålet er ikkje kapitalavkasting til medlemmane. Eventuelt årsoverskot skal godskrivas eigenkapitalen i føretaket.

Barnehagen skal gje barn eit godt miljø, med vekt på lek og samvær med andre barn og vaksne. Barnehagen skal utvikle det einskilde barnet sin personlegdom, hjelpe barn i å utvikle evne til toleranse og til å ha omsorg for andre, og gje barn fri utfalding gjennom allsidige leike- og aktivitets moglegheiter. Samen med heimen skal barnehagen medverke til å gje barna eit miljø som sikrar dei individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfalding, læring og etisk rettleiing. Barnehagen vert driven med eit ideelt, ikkje økonomisk formål.

Barnehagen vert driven i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar, forskrifter og retningslinjer
- b) Rammeplan for barnehagar
- c) Vedtak i Viebøen barnehage SA.
- d) Årsplan/ handlingsplanar for barnehagen.
- e) Lov om internkontroll og barnehagen sine eigne tryggleik /internkontrollrutinar.
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

§ 3. BARNEHAGENS ORGAN

§ 3.1 Medlemskap

Føretaket er open for foreldre / føresette som får tilbod om barnehageplass i Viebøen barnehage SA. Når foreldre / føresette har akseptert tilbodet om barnehageplass, pliktar ein å verte medlem av føretaket. Medlemskapen kan etter avtale med dagleg leiar verte overdregen mellom føresette som har felles barn.

Medlemmane skal ikkje betale medlemskontingent.

Medlemmane har ikkje heftingar over for føretaket sine forpliktingar og kreditorar.

Føretaket kan bruke elektronisk kommunikasjon når ein skal gje meldingar, varsel, informasjon, dokumentasjon og liknande etter samvirkelova til medlemmane såframt medlemmane har godteke det.

Når eit medlem skal gje melding eller anna tilbakemelding etter lov om samvirkeføretak, kan medlem bruke elektronisk kommunikasjon til barnehagen si e-post adresse eller på den måten dagleg leiar eller eigarstyret for barnehagen har fastsett til dette formål.

§ 3.2 Andelinnskot

Det vert ikkje innkrevd andelsinnskot.

§ 3.3 Utmelding og oppseiing av barnehageplass

Eit medlem pliktar ved skriftleg utmelding å melde seg ut av føretaket samtidig som barnehageplassen vert oppsagt, om ikkje anna er avtalt. Utmeldinga er like lang som oppseiingstida for barnehageplass.

Ein barnehageplass skal seiast opp skriftleg med 3 månaders varsel. Oppseiingstida blir rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Eigarstyret held fast på retten til å krevje full betaling i oppseiingsperioden viss plassen ikkje kan overtakast av andre. Oppsagt plass kan overtakast av eit anna barn før oppseiingsperiodens går ut. Dersom eit barn skal slutte etter 1. mai må det betalast foreldrekontingent for mai og juni.

§ 3.4 Eigarstyret

Føretaket skal ha eit styre som er samansett av styreleiar og minst 2 og høgst 4 andre medlemmar i tillegg til 2 varamedlemmar. Dagleg leiar har møte- og uttalerett.

Funksjonstida for styreleiar er eitt år og dei andre medlemmane er to år. Varamedlemmar vert valt for eitt år. Styret skal veljast av årsmøtet. Årsmøtet vel styreleiar særskilt. Styret konstituerer seg sjølv og vel nestleiar. Styrehonorar til eigarstyret skal kvart år opp som eiga sak på årsmøtet.

§ 3.5 Eigarstyret sine oppgåver

Styret skal leie verksemda i samsvar med lov, vedtekter og årsmøtevedtak. Styret kan fatte avgjersle i saker som ikkje etter lov eller vedtekter er lagt til andre organ.

Styreleiar skal sørgje for at styret held møter så ofte som det trengst. Eitt medlem eller dagleg leiar kan krevje at styret vert samankalla for å ta opp bestemte saker.

Styret skal føre protokoll over styresaker i samsvar med samvirkelova. Protokollen skal underskrivast av dei styremedlemmane som har vore med å handsama saka.

Styret skal sørgje for ei forsvarleg organisering av barnehagen

Styret skal fastsette planar og budsjett for barnehagen, og orientere om budsjett på årsmøtet.

Styret skal halde seg orientert om føretaket si økonomiske situasjon og skal sjå til at det vert fullgod kontroll med barnehagen, rekneskapen og formueforvaltninga.

Styret vel rekneskapsførar. Styret har ansvar for at rekneskapen saman med årsmelding vert lagt fram på årsmøtet.

Styret skal setje i verk dei undersøkingar som styret meiner er naudsynt for å kunne utføre sine oppgåver. Styret skal setje i verk slike undersøkingar dersom ein eller fleire av styremedlemmane krev det.

Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar og barnehagen og føretaket si drift.

Styret utarbeide og fastsett instruks for dagleg leiar.

Styret har arbeidsgjevaransvar.

§ 3.6 Styrevedtak

Styret kan treffe vedtak når meir enn halvparten av alle styremedlemmane er til stades eller med på sakshandsaminga. Styret kan likevel ikkje treffe vedtak utan at alle styremedlemmane så langt det mogleg har fått høve til å delta i sakshandsaminga av styresaka. Har nokon i styret meldt fråfall skal vara medlem verte innkalla.

Eit styrevedtak krev fleirtal av dei styremedlemmar som er med på handsaminga av saka. Står stemmene likt, gjeld det som møteleiar har stemt for. Dei som stemmer for eit vedtak medfører endring må likevel fleirtalet utgjere minst ein tredjedel av alle styremedlemmane.

Ved val og tilsetjingar er det den som får flest stemmer som vert valt eller tilsett. Styret kan på førehand fastsette at det skal stemmast på nytt dersom ingen får fleirtal av dei stemmene som er gitt. Står stemmetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, vert valet avgjort ved loddtrekning. I andre tilfelle der stemmene står likt, gjeld det som møteleiar har stemt for.

§ 3.7 Tilsetjing av dagleg leiar og personale

Instruks for dagleg leiar og resten av personale fastsettast av eigarstyret i barnehagen.

Personalet er tilsette i Viebøen barnehage Sa. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Resten av personale vert tilsett av eigarstyret etter innstilling frå dagleg leiar.

- Bemanninga i barnehagen skal vere i tråd med Lov om barnehagar §§ 24- 30
- Alle som arbeider og oppheld seg regelmessig i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest. Lov om barnehagar § 30
- Alle tilsette i barnehagen har teieplikt etter Forvaltningslova §§ 13 – 13f sjå Lov om barnehagar § 44
- Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, sjå Lov om barnehagar §§ 45, 46 og 47
- Barnehagen har plikt til å samarbeide med skulen om overgangen frå barnehage til skule/skulefritidsordning, sjå Lov om barnehagar § 2a.

Daglege leiar vert tilsett av styret.

- Dagleg leiar skal stå for den daglege administrative og pedagogiske leiinga av verksemda i føretaket og skal følge dei retningsline og pålegg som styret har gjeve.
- Dagleg leiar vert lønna etter lønnspolitiske retningsliner for Sunnfjord kommune og i samsvar med lønsutviklinga til kommunale einingsleiarar.
- Dagleg leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i føretaket er av uvanleg art eller av stor betyding
- Dagleg leiar kan fatte avgjersle i ei sak etter fullmakt frå styret, i einskild tilfelle når det vesentleg er til ulempe for føretaket å vente på styrevedtak. Styret skal ha melding om vedtaket så snart som mogleg.
- Dagleg leiar skal sørgje for at føretaket sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.
- Dagleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsystem som er i tråd med gjeldande lov og forskrift.
- Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, gje styret melding om drifta i føretaket, tilstand for føretaket og resultatutvikling.
- Styret og den einskilde styremedlem kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gjev styret ei nærare orientering for ei bestemt sak.

§ 3.8 Årsmøtet

Årsmøtet er føretaket si øvre organ.

Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når styret finn det naudsynt, eller når revisor eller minst ti prosent av medlemmane krev det og samstundes oppgjeve kva saker ein ønskjer å handsame.

Årsmøtet vert leia av styreleiar med mindre årsmøtet vel ein annan møteleiar.

§ 3.9 Innkalling til årsmøte

Styret sender ut skriftleg innkalling med minst 3 veker varsel.

Innkallinga skal klart opp gje dei saker som årsmøtet skal handsame, samt tid og stad.

Framlegg til vedtaksending skal takast med i innkallinga.

Saker eitt medlem ønskjer å verte teken opp på årsmøtet, må skriftleg meldast til styret i god tid slik at den takast med i innkallinga. Er innkallinga alt sendt ut skal ny innkalling sendast ut.

§ 3.10 Saker som skal handsamast på årsmøte

Val av referent og to personar til å skrive under protokollen.

Utarbeide ei liste over frammøtte medlemmer på møtet, tall med stemmerett og kor mange stemmer desse har.

Gjennomgang av årsmelding frå styret.

Godkjenning av årsrekneskap.

Val av styremedlemmer. Styreleiar vert valt særskilt.

Val av revisor.

Eventuelle forslag til vedtektsendringar

Eventuelt forslag til oppløysning.

Andre saker som er korrekt meldt inn for behandling

§ 3.11 Stemmereglar for årsmøtet

Kvart medlem har ei stemme på årsmøtet, med mindre noko anna er bestemt.

Kvart medlem kan møte ved fullmektig på årsmøtet, men ingen kan være fullmektig for meir enn eit medlem. Fullmektigen må legge fram skriftleg og datert fullmakt.

Dersom eit medlem har meir enn 100 % barnehageplass og mindre enn 200 % barnehageplass i barnehagen, har medlemen to stemmer på årsmøtet.

Dersom et medlem har mellom 200 % barnehageplass og mindre enn 300 % barnehageplass i barnehagen, har medlemen tre stemmer på årsmøtet.

Dersom et medlem har mellom 300 % barnehageplass og mindre enn 400 % barnehageplass i barnehagen, har medlemen fire stemmer på årsmøtet.

Ei avgjersle på årsmøtet krev at eitt fleirtal av dei som deltek i handsaminga av saka, stemmer for framlegget. Ved stemmelikskap gjeld det som møteleiaren har stemt for. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje angitt.

Det er ingen krav til kor mange av dei med stemmerett som må vere til stades for at årsmøtet skal kunne fatte avgjersle.

§ 3.12 Vedtektsendring

Vedtak om vedtaksendring krev 2/3 fleirtal av dei av gjevne stemmer med mindre samvirkelova still strengar krav.

§ 3.13 Oppløysing av avvikling

Oppløysning av føretaket bestemt av årsmøtet med det same fleirtal som gjeld for vedtektsendringar.

Føretakets medlemmar har rett til å få utbetalt sine andelinnskot dersom det er midlar i føretaket etter at det har dekkja sine forpliktingar

Attverande midlar utover dette skal gå til samvirkeformål eller allmennyttige formål.

§ 3.14 Samarbeidsutvalet

a) Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

b) Samarbeidsutvalet skal vere samansett av 6 medlem.

c) Foreldrerådet, dei tilsette og eigarstyret vel kvar to representantar til samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

d) Dagleg leiar har møte-, tale- og forlagsrett i samarbeidsutvalet. Dagleg leiar har ikkje stemmerett med mindre vedkommande er valt medlem.

e) Representantar for foreldreråd og tilsette vert valt for eitt år om gangen. Eigarstyret fastset sjølv funksjonstida for eigarstyrerepresentantane.

f) Samarbeidsutvalet held møter når det reknar for naudsynt av utvalet sin leiar, eller av eit medlem i samarbeidsutvalet, eller av eigarstyret.

- g) Styreleiar kallar inn til samarbeidsutvalsmøtet. Møtet skal haldast innan 14 dagar etter at styreleiar har motteke oppmoding om å halde møte.
- h) Ved stemmelikskap på samarbeidsutvalsmøtet avgjer styreleiar si stemme.
- i) Samarbeidsutvalet skal handsame bl.a. årsplanen for den pedagogiske verksemda og skal bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktig for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. Slike saker er bl.a. budsjett, driftsendringar, utnytting av ute og inne areala m.m.

§ 3.15 Foreldreråd

Foreldrerådet er samansett av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehagen.

Foreldrerådet kan be om å få seg førelagt saker som er viktig for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før avgjersla blir tatt.

Samarbeidsutvalets foreldrerepresentantar innkallar til, og leiar møter i foreldrerådet. Innkalling til foreldrerådsmøta skjer med 14 dagars varsel, sakliste skal framleggast ved innkallinga.

Barnehagens dagleg leiar er ansvarleg for utsending av innkalling til foreldrerådsmøte.

Ved avstemming i foreldrerådet vert det gjeve éi stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

§ 4. OPPTAK

§ 4.1. Samordna opptak til barnehagane

I Sunnfjord kommune er det samordna opptak som omfattar både kommunale og private barnehagar i kommunen (Lov om barnehagar § 17

Viebøen barnehagane Sa har eigne opptakskriterium som regulerer opptak, Barnehagelova §§ 16, 17 og 18.

Det er eitt hovudopptak på våren kvart år. Søknadsfrist for hovudopptak er 1.februar. Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og kommunen si heimeside.

Tildeling av plassar ved hovudopptak vert gjort i mars/april. Søknader som kjem inn etter fristen, vil bli handsama etter at dei med rett til barnehageplass er plassert. Når hovudopptaket er avslutta og alle med rett til barnehageplass etter Lov om barnehage har fått plass, har ein i Sunnfjord kommune kontinuerleg opptak. Nye søknader vert registrert og handsama fortløpande.

Av omsyn til barnegruppa si samansetning, prioritering av søsken og fordeling av barn med spesielle behov, kan opptaksmynde gjennom det samordna opptaket utvise skjønns ved fordeling av barn.

Søknadslistene er sortert etter alder, ei liste for 0 – 3 år og ei liste for barn i alderen 3 – 5 år

§ 4.2. Opptaksmynde

Dagleg leiar føreteik opptaket til barnehagen i samsvar med opptakskriteria og følgjer den oppsette ventelista. Avgjersle om opptak skal fattast så snart som mogleg etter at barnehagen har motteke ei oppseiing.

Ved tildeling av plass skriv foreldra under på at dei har godkjent barnehagen og andeslaget sine vedtekter.

Tildeling av barnehageplass er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 28 og kan klagast på. Klage på avgjersla om opptak kan sendast til Klageutvalet i Sunnfjord kommune er klageorgan ved

klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast til Kommunedirektøren og følgje rutinar for forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

§ 4.3. Opptakskrets

I hovudregelen bør opptak gjelde barn som er busett i barnehagen sitt nærområde i Sunnfjord kommune. Opptaksmyndet kan gjennom samordna opptak utvise skjønn ved fordeling av barnehageplass. Barnet vil i utgangspunktet verte teke opp i ein barnehage i den skulekretsen barnet høyrer til. Ein barnehageplass i Viebøen barnehage Sa føreset at barnet er busett i Sunnfjord kommunen. Rett til barnehageplass følger Lov om barnehagar med forskrifter.

§ 4.4. Rett til barnehageplass (ny)

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til barnehageplass frå august/ september, jf. barnehagelova § 16 første ledd. Barn som fyller eitt år i september, oktober og november det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til plass i barnehagen frå den månaden barnet fyller eitt år, jf. barnehagelova § 16 andre ledd. Barn som er busett i kommunen har rett til barnehageplass. Adresse i kommunen må være på plass før barnehageplassen blir tatt i bruk. Viebøen barnehage tilbyr normalt berre 100% plassar

§ 4.5. Opptakskriterier

- 1.) Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal ligge ved ei sakkunnig vurdering av barnet sin nedsette funksjonsevne. Jf. Lov om barnehagar §18
 - 2.) Barn som det er fatta vedtak om etter lov Barnevernslova § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehage Jf Lov om barnehagar §18.
 - 3.) Søsken av barn som alt har plass i barnehagen – medlem av føretaket.
 - 4.) Søkjarar som ikkje kjem inn under kriteria over, vert prioritert etter alder.
- Ved opptak kan ein ta omsyn til barnet sin alder og kjønn for å sikre ei balansert gruppesamansetjing jf. overordna målsetjing pkt.4.1.
- Ved søknad om opptak etter prioritert kriterium 1. og 2. skal det leggst ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lækjar, PPT. I dokumentasjonen skal det klårt gå fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass.

§ 4.5. Opptaksperiode:

Vi reknar eit barnehageår frå skulestart i august til skulestart året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrev/kontrakt, og plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet byrjar på skulen.

§ 4.6. Klage på opptak

Klageutvalet i Sunnfjord kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast Kommunedirektøren og følgje rutinar for forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

§ 5. AREALNORM

Barnehagens leike- og opphaldsareal er satt til 4,0 kvadratmeter netto pr. barn over 3 år og 5,5 kvadratmeter netto for barn under 3 år. Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagens totale areal, må likevel vurderast konkret ved kvart opptak.

Vedrørande arealutnytting gjelder til ei kvar tid "Lov om barnehagar" (rundskriv Q-0902 B).

§ 6. OPNINGSTIDER OG FERIE

Barnehagen held open fem dagar måndag til fredag frå kl. 7.00 – 16.30. Barnehagen kan tilby utvida opningstid mellom 6.45 – 17.00. ved meldt behov, meldes ifrå minimum 2 dagar før behov.

Eigarstyret held fast retten til å endre opningstida etter at foreldra sine behov er kartlagt.

Opphaldstid for det einskilde barn anbefalt avgrensa til maksimum 45 timer pr. veke. Føresette kan søke individuelt om lengre opphaldstid for enkeltbarn.

Barna skal leverast og hentast innanfor den fastsette opningstid.

Barnehagen held open heile året. Barnehagen er stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar samt julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julaftan og nyttårstaften held ein stengt.

Barnehagen held stengt på 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Nærmare beskjed vert gjeve i god tid.

Alle barn skal ha minst 4 veker ferie i løpet av året, der 3 veker skal takast samanhengande i skuleferien i perioden 20.juni til 20.august. Ei ferieveke er sett av til planleggingsdagar. Foreldra skal så snart som mogeleg gje melding om når barna skal ha sommarferie og seinast innan 30.april. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeider dagleg leiar ferieliste for personalet og plan for sommar drift av barnehagen. Planen vert førelagt samarbeidsutvalet til uttale og eigarstyret til godkjenning innan utgangen av mai kvart år.

§ 7. BETALING

Betalingssatsane følger Stortinget sit vedtak om maksimalpris med heimel i forskrift om foreldrebetaling i barnehagen. Betaling for kost kjem i tillegg. Gjeldande betalingssatsar vert gjort kjent på oppslag i barnehagen. Ein betalar for 11 månadar i året. Ved fråvær må ein betale for barnehageplass. Uregelmessig betaling kan medføre at barnet mistar plassen. Foreldrebetalinga forfell til betaling forskotsvis den 1. i kvar månad. Det betalast fram til skulestart det året barnet byrjar på skulen

§ 8. EIGENINNSATS

Alle medlemmar av føretaket må årleg gjere 10 timar eigeninnsats for barnehagen. Ein kan maksimalt overføre 10 timar eigeninnsats per år. Medlemmer av eigarstyret får godskrive møtetid i styret som eigeninnsats. Arbeidsoppgåver barnehagen treng hjelp til vert kunngjort på oppslagstavle og heimeside. Har ein ikkje høve til å gjennomføre timane, kan ein kjøpe seg fritak. Fritaket kostar kr 250,- pr. time, der pengane uavkorta går til barnehagen.

§ 9. MAT

Det skal være 2 måltider i barnehagen pr. dag. Kaker, slikkeri etc. må ikkje takast med. Unntak er ved spesielle høve der samtykke er gitt av personalet.

§ 10. HELSE / FRÅVÆR

Viss eit barn er sjuk eller har fråvær av andre grunner, må ein gje beskjed til barnehagen så snart som mogleg. Uregelmessig frammøte utan at det vert gjeve melding til barnehagen kan medføre at barnet mister plassen.

Sjuk eller sterkt forkjøla barn må holdast heime dersom det føreligg smittefare.

Dersom barnet ikkje kan være ute og delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna, bør barnet haldast heime. Dagleg leiar avgjer i tvilstilfelle om barnet kan være i barnehagen.

§ 11. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigarstyret er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.

Levering og henting av barna er foreldre/ føresette sjølv ansvarleg for. Den som følgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet.

Barnet skal hentast av ein voksen person som er kjent for personalet i barnehagen. Dersom barnet hentast av ein annan person enn den/dei som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed frå barnet sine foreldre/ føresette om kven som skal hente barnet. Beskjed til personalet, gitt gjennom barnet, skal være skriftleg. Barnehagen /personalet har ikkje ansvar for barnet sine klede eller andre eigendelar. Personalet må ikkje ta med barna som passasjerar i eigen bil eller offentlig transportmiddel utan at det vert brukt forskriftsmessig sikring av barnet, og at det føreligg skriftleg samtykke frå foreldre/ føresette.

§ 12. INTERNKONTROLL

Barnehagen skal ha internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid (internkontrollforskrifta). Dokumentasjon blir oppbevart i barnehagen.

Internkontrollperm for helse, miljø og tryggleiksarbeid er utarbeida for barnehagen og holdast kontinuerleg oppdatert av dagleg leiar.

§ 13. MISLIGHALD

Dersom foreldre/føresette som har barn i barnehagen bryt eller let vere å følgje disse vedtekter, foreldrerådet sine retningslinjer og avgjersle, eller let vere å betale til rett tid den avtalte månadlege foreldrebetaling til drift av barnehagen, kan eigarstyret avgjere at det aktuelle barn skal meldast ut. Eigarstyret kan i slike tilfelle krevje innløyising av andelinnskotet med straks verknad.

Dersom barnet gjentekne gonger blir henta etter barnehagen si ordinære stengetid og dette medfører ekstra lønskostnader for barnehagen, kan eigarstyret pålegge foreldre/føresette å betale denne ekstra kostnaden.

§ 14. TEIEPLIKT

Barnehagen skal ivareta forvaltningslovenes vedtak om teieplikt, jr. §§13 til 13 f og Lov om barnehagar § 44

§ 15. ENDRING AV BARNEHAGEN SINE VEDTEKTER

Desse vedtektene er vedteke på årsmøte i Viebøen Barnehage SA den 12.03.2024

Førde den 19.mars 2026

Styreleiar

Aleksander Frøyen

Styremedlem

Linda Nesse Nesdal

Rakel Marie Wiken

Erik Morken

Lillane Rebnord